Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Senioringeniør Reidun Schei, 71258511

Vår dato **2.3.2012** | Vår referanse
Arkiv nr. | Dykkar referanse

Inspeksjonsrapport

Inspeksjonsrapport nummer:2012.005.I.FMMR Dato for inspeksjonen: 28.02.2012

Informasjon om kontrollert verksemd

Namn: Marine Harvest Norway AS	Org.nr. for verksemda: 971856211
Adresse: Evangervegen 25, 6092 Fosnavåg	Tlf.nr./e-post for verksemda: 21562657
Kommune/kommunenr.: 1515 /Herøy på Sunnmøre	Bransjenr. (NACE-kode): 10.202
Anleggsaktivitet: Fiskeforedling	Anleggsnummer: *1515.0012.01*

Til stades under inspeksjonen

Frå verksemda: Erik Dragesund, Tone Harnes, Trond Mykling, Svein Erik Nilsen	Frå Fylkesmannen: Mattis Mikkelsen, Reidun Schei

Innhald i rapporten

Rapporten beskriver avvik og merknader som vart konstaterte under inspeksjonen.
Følgjande hovudtema vart kontrollerte:

- Utslepp til vatn
- Avfallshandtering
- Miljørisikovurdering
- Egenkontrollrapportering

Resultat frå inspeksjonen

☒ Kontrollen avdekte 1 avvik frå regelverket

Oppfølging etter kontrollen

☒ Verksemda pliktar å rette avvika. Gjennomføring av eventuelle tiltak vil bli følgt opp ved seinare kontrollar.

Dokumentunderlag

- *Lov av 13. mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall* (forureiningslova)
- *Lov av 19. juni 1970 om kontroll med produkter og forbrukertjenester* (produktkontrollova)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om begrensning av forurensning* (forureiningsforskrifta)
- *Forskrift av 1. juni 2004 om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta)
- *Forskrift av 6. desember 1996 om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve til Marine Harvest AS av 19.11.2008 gjeve i medhald av forureiningslova § 11

Informasjon om regelverket finst på www.klif.no og www.regelhjelp.no.

Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg, jf. offentleglova.

Kopi av endeleg rapport blir også sendt kommunen.

Stad: Dato: Fylkesmannen i
(etter fullmakt)

Definisjonar

Avvik:
Brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga, for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene, eller krav og vilkår fastsett i løyve og dispensasjonar.

Merknad:
Tilhøve som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Avvik

Følgjande avvik vart konstaterte ved inspeksjonen:

Avvik 1: Utsleppskontrollen er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:

- Forureiningslova § 7
- Internkontrollforskrifta § 5 pkt 2, 5 og 7
- Løyve etter forureiningslova § 11 jf 16

Grunnlaget for avviket:

☒ Utsleppsmålingane er ikkje representative for produksjons- og driftsforhold ved verksemda.

Kommentarar:

Verksemda har drift i 2 skift og vasking 1 skift pr. døgn. Analyseresultat av prøver frå driftsperioden saman med årleg forbruk av vatn nyttast til utrekning av årsutsleppet . Dette gjev truleg for høge utsleppstal frå verksemda.

Andre kommentarar:

1. I måleprogrammet for utslepp, er ikkje reduksjon av samla usikkerheit i analysane vurdert.
2. Verksemda skal dokumentere skriftleg dei styrande driftsparametrane i den nye reinseprosessen for prosessvatn.